

Møtereferat

Delprosjekt: Administrativ organisering – kartlegging (2017)

Møtestad: Ørskog rådhus

Dato: 11.09.17

Tid: 1200-1500

Møteleiar: Synnøve Vasstrand Synnes

Deltakarar:	Kommune/repr.
Turid Hanken	Haram
Ann Kristin Røyset	Sandøy
Kristian Skålhavn	Skodje
Synnøve Vasstrand Synnes	Ørskog
Magne Karlsen	Ålesund
Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem	Nye Ålesund
Hanne Tonning	Fagforeiningsrepr.

Saksliste:

Oppstartsmøte for delprosjektet

Gjennomgang mandat og avklaringar i forhold til bestilling


Kvar kommunerepresentant orienterer om overordna organisasjonsmodell i eiga kommune

Framdriftsplan

Referat og konklusjonar:

Styringsgruppa har gitt følgjande mandat for delprosjektet:

Det vert oppretta eit delprosjekt som går i gang med kartlegging av administrativ struktur, slik at kartleggingsarbeidet er klart til rådmann for nye Ålesund er på plass. Det er viktig å kome i gang med kartlegginga fordi mange delprosjekt er avhengig av framdrift vedr. administrativ struktur. Kommunane i nye Ålesund må kartleggast, samt innhente ulike døme frå andre kommunar av



Nye Ålesund kommune

Haram - Sandøy - Skodje - Ørskog - Ålesund

samanliknbar størrelse, og sjå på fortrinn og ulemper med desse. Kartleggingsarbeidet gjerast av ei administrativ gruppe med ein repr. frå kvar kommune, og ein tillitsvald.

Det er behov for å konkretisere og klargjere mandatet.

Kvar kommunerepresentant orienterte om overordna organisasjonsmodell i eiga kommune. Ein ser at kommunane er ulikt organiserte, sjølv om alle bygger på ulike versjonar av tonivå-modellen. Det er behov for eit felles kartleggingsmal, for slik å få ei framstilling som syner likheiter og forskjellar.

Magne Karlsen presenterte mulig modell for kartlegging.

Ann Kristin Røyset viste til kartlegging gjort i samband med kommunesamanslåing i Sunnfjord, og peika på mulige kartleggingsmetodar som er brukte der: <http://prosjektsunnfjord.no/wp-content/uploads/sites/66/2015/02/20150512-Rapport-utgreiing-2-endeleg-rapport.pdf>

Vidare framdrift:

Det er sett opp ein møteplan med tilsaman 6 møte i delprosjektet. Neste møte er torsdag 21.09.17 i Haram.

Tidsperspektivet for arbeidet: ein sluttrapport skal vere ferdigstilt tidnok til at den kan bli lagt fram for fellesnemnda i januar 2018.

I dei neste møta:

- Konkretisering og klargjering av vedteke mandat for delprosjektet
- Lage ein prosjektplan med framdriftsplan
- Avklare kva som skal kartleggast, og kva verktøy som skal nyttast
- Avklare grensesnittet mot andre delprosjekt
- Skaffe oversikt over relevant organisasjonsteori og erfaringskunnskap knytt til ulike organisasjonsmodellar
- Avklare behov, ønske og muligheit for studiebesøk
- Sluttproduktet skal vere
 - o ei oversikt over dagens organisasjonsmodellar i dei fem kommunane
 - o ei oversikt over aktuelle organisasjonsmodellar for nye Ålesund kommune, der prinsipp for arbeidsdeling og prinsipp for personalleiing inngår

Synnøve Vasstrand Synnes

Ref.